



Møteprotokoll

Utval: Kommunestyret
Møtestad: kommunestyresalen
Dato: 12.02.2026
Tid: klokka 18.00 - 19.45

Desse møtte	Representerer	Funksjon
Kai-Runar Svarstad	AP	medlem
Torill Oda Ringstad	AP	medlem
Annika Hove	FOHA	medlem
Bernt Brandal	FOHA	ordfører
Einar Jarle Måseide	FOHA	medlem
Ivar Karl Liaset	FOHA	medlem
Kristian Fuglseth	FOHA	medlem
Pravin Selva	FOHA	medlem
Ranja Dimmen Alme	FOHA	medlem
Øyvind Grimstad Gryt	FOHA	medlem
Endre Hammervold	FRP	medlem
Jeanette Teigene	FRP	medlem
Oskar Grimstad	FRP	varaordfører
Robert Holstad Flø	H	medlem
Wenche J. H. Jøsok	H	medlem
Ståle Liavåg	INP	medlem
Øyvind Grimstad	INP	medlem
Annika Brandal	V	medlem

Forfall	Representerer	Varamedlem	Representerer
Kjetil Nasset	FOHA	Linn Wingsternes	FOHA
Kristine Utgård Rolfsrud	FOHA	Joachim Martin	UAV
		Moldskred	
Thor Ove Rekdal Nedrelid	FOHA	Björg Bakke	FOHA
		Holstad	

Møtenotater:**Frå administrasjonen møte:**

- Bent Arild Grytten, kommunedirektør
- Hanne Rognan, assisterande kommunedirektør
- Ottar Røyset, kommunalsjef velferd
- Helge Hamre, kommunalsjef læring og kultur
- Bjørnar Haddal, økonomileiar
- Kristian Stråmyr, leiar servicetorg (møtesekretær)

Møte slutt: kl. 19.45

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
PS 01/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	26/253
PS 02/26	Godkjenning av protokoll	26/253
PS 03/26	Orienteringar og spørsmål	26/253
PS 04/26	Referatsaker	26/253
PS 05/26	KS Debattheft 2026. Tid for taktskifte	25/1416
PS 06/26	Val av kommunal representant Hjørungavågspelet	26/117
PS 07/26	Suppleringsval skattetakst- og klagenemnd	26/117
PS 08/26	Styrerepresentant Sunnmøre friluftsråd	26/117
PS 09/26	Val av ungdomsråd 2026	26/85
PS 10/26	Årsmelding eldreråd 2025	26/183
PS 11/26	Årsmelding RFU 2025	26/184
PS 12/26	Årshjul for budsjettprosessen	25/963
PS 13/26	Evaluering av budsjettprosessen 2025	25/963
PS 14/26	Ny sak om eigedomsskatt i Hareid kommune i 2026	26/131
PS 15/26	Endringer i Handlings-og økonomiplan 2026-2029	25/963
PS 16/26	Tiltaksplan 2025 etter endringer 12.02.26	25/1526
PS 17/26	Interpellasjon – langsiktig og kunnskapsbasert skuleutvikling i Hareid kommune	26/274
PS 18/26	Politisk sak – langsiktig og kunnskapsbasert skuleutvikling i Hareid kommune	

Hareid, 19.02.2026

Bernt Brandal
ordfører

PS 01/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkallinga og saklista vart godkjende utan merknad.

Behandling:

Samrøystes

PS 02/26 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Protokollen frå førre møte vart godkjend utan merknad.

Behandling:

Samrøystes.

PS 03/26 Orienteringar og spørsmål

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
01/26	Eventuell flytting av dato for siste kommunestyremøte før sommarferien

Vedtak:

Orienteringar vart tekne til vitende med følgjande merknad: Kommunestyremøtet oppsett 18. juni vert flytta til 25. juni.

Behandling:

Ordførar Bernt Brandal fremja forslag om følgjande merknad: Kommunestyremøtet oppsett 18. juni vert flytta til 25. juni.
Samrøystes.

PS 04/26 Referatsaker

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
01/26	Rapport Kartlegging av biologisk mangfold i Sunnmørsfjordane
02/26	Månadsrapport november 2025 - referatsak til kommunestyret

Vedtak:

Referatsaker vart tekne til vitende.

Behandling:

Samrøystes.

PS 05/26 KS Debatthefte 2026. Tid for taktskifte

Vedtak:

1. Kva må vi gjere i vår kommune dei neste to åra for å auke endringstakta for berekraftig velferd?

Vi må legge langsiktige planar og førebygge behovet for velferdstenester. Vi må ha søkjelys på førebyggjande i alt vi gjer. Bemanningsbehovet og presset på helsepersonell kan vi dempe ved å supplere behovet for menneskeleg arbeidskraft ved digitale løysingar, og bruk av velferdsteknologi. Vi vurderer jamnleg om samarbeid med andre kommunar kan vere tenleg, og vurderer om tenestene våre er godt nok organisert.

Det må vere god dialog med våre innbyggjarar. Også inn mot korleis vi kan planlegge for bustadar og bumiljø som er geografisk plassert nært velferdstenestene.

Endring og auka tempo krev både personellmessige og økonomiske midlar. I ein svært krevjande økonomisk situasjon er dette noko som kan utfordre endringstakta.

2. Korleis kan vi i vår kommune dei neste to åra bruke og mobilisere den arbeidskrafta vi har best mogleg, for å løyse samfunnsoppdraget vårt?

I den grad vi manglar tilgang på kvalifisert personell i dei to neste åra, vurdere vi jamt om vi brukar våre tilsettes kompetanse rett. Oppgåver som ikkje krev spesifikk fagkompetanse kan utførast av andre. Vi kan legge til rette for formell kompetanseauke det er naudsynt.

Det å ha lærlingar og læreplassar er viktig. Det sikrar framtidig fagkompetanse, og lærlingar dekkjer ein del av arbeidskraftbehovet vårt når dei er under opplæring. Redusert sjukefråvær gir mindre vikarbehov. Seniorar bør stå lenger i jobb, om det er mogleg. Vi kan få fleire frå deltid til heiltid, og auke kapasiteten utan å tilsette fleire. Det er viktig at kommunane har gode økonomiske støtteordningar for arbeidsinkludering.

Kommunekommisjonens rapport NOU 2026:1 "En bærekraftig kommunesektor" har forslag om blant anna avvikling av lærarnorma, og at kompetansekrava i helse- og omsorgstenesta vert fjerna. Dette er både interessante og kontroversielle forslag.

3. Kva må vi prioritere i vår kommune for å styrke beredskapsevna – både i eigen organisasjon og i lokalsamfunnet?

Gjennom heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse har Hareid kommune identifisert fleire utfordringar for kommunen som beredskapsaktør og -pådrivar. Den største, som vi deler med

mange andre kommunar, er at vi er ein liten organisasjon med få ressursar. Dette får konsekvensar for beredskapsevna i form av at mange tilsette og leiarar ikkje føler dei har tid til å prioritere beredskap i sitt daglege arbeid. Å styrke beredskapsevna, er noko vi skal gjere mellom krisene. Som anna systematisk, langsiktig arbeid, som til dømes utviklingsarbeid, blir beredskap nedprioritert til fordel for «brannsløkking». Det svekker både førebygginga mot kriser og evna til å vere budd om noko skulle skje.

Korleis kjem vi rundt denne utfordringa i eigen organisasjon?

Den generelle beredskapen som ikkje er knytt til konkrete objekt (rassikring, flaumsikring og liknande) kostar ikkje så mykje i kroner og øre, men tid.

Det «enkle» svaret, er meir ressursar. Det kan verke utopisk og det er heller ikkje enkelt å få prioritert ressursar til beredskap *om* vi skulle få tilgang til meir tid. Organisasjonen er så strekt at beredskapsarbeid må konkurrere om dei (eventuelt) nye ressursane med mange andre oppgåver, også lovpålagde, som i dag ikkje blir gjort, eller burde blitt høgare prioritert. Det «vanskelege» svaret er at vi må endre haldningar og vi ser heldigvis at det er endringar på gang. Beredskap er ikkje noko vi gjer i tillegg – det er ein basisfunksjon som ligg til alle tenester og fagfelt. Beredskapen skal sikre at vi klarer å halde opp (dei kritiske) tenestene våre i ei krise – eventuelt gjenopprette dei så snart krisen er over. Får vi dette meir inn under huden, vil vi automatisk jobbe meir langs med i staden for store skippertak.

Ei styrking av beredskapskoordinatoren si rolle vil gi meir kraft til det haldningsskapande arbeidet. Det er likevel ingen quick fix. Ein beredskapskoordinator med betre tid, kan i seg sjølv gjere det lettare å drive fram og *koordinere* beredskapsarbeidet, men så lenge *beredskapsansvaret* ligg til resten av organisasjonen og fag- og leiaransvaret, vil det ikkje løyse hovudutfordringa ved at resten av organisasjonen har avgrensa kapasitet til å prioritere beredskap.

Kva med lokalsamfunnet?

Eigenberedskap

I heilskapleg ROS la vi vekt på å finne tiltak som verkar på tvers av scenario. Styrking av eigenberedskapen er det tiltaket som har størst effekt – og særleg på dei scenarioa som har omfattande konsekvensar og råkar heile kommunen. Eigenberedskap har fått mykje merksemd dei siste åra, og her må både stat, kommune og andre beredskapsaktørar halde fram med å setje eigenberedskap på dagsorden. Neste skritt er å få folk til å handle på råda – som svært mange kjenner til no. Vi er på god veg der også, men det går sakte – til dømes har framleis berre halvparten av oss beredskapsvatn heime.

Samverke

Kommunen har ein plikt til å vere pådrivar ovanfor andre aktørar når det gjeld beredskap. Beredskapsrådet er eit nyttig fora for å nå ut til desse. Hareid kommune har eit aktivt beredskapsråd som møtest fleire gonger i året for å diskutere relevante tema og samarbeid. Vi skal likevel vere varsame med å løfte fram beredskapsrådet som løysinga på alt. I totalberedskapsmeldinga blir det foreslått å lovfeste beredskapsrådet. Vi vil hevde at det det er motsett: Kommunar som har satsa på beredskapsarbeid har også eit oppegåande beredskapsråd. Vi er derfor tilbake til ressursspørsmålet.

Oversending av uttale frå kommunestyret til KS:

Kommunestyret stiller seg bak innspela som kom fram i debatten og legg desse ved svara på spørsmåla før desse vert sendt vidare til KS.

Behandling:

Kristian Fuglseth (FOHA) fremja eit endringsframlegg:

Kommunestyret stiller seg bak innspela som kom fram i debatten og legg desse ved svara på spørsmåla før desse vert sendt vidare til KS.

Røysting:

Samrøystes for tilrådinga frå formannskapet

Samrøystes for endringsframlegget frå Kristian Fuglseth

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Kva må vi gjere i vår kommune dei neste to åra for å auke endringstakta for berekraftig velferd?

Vi må legge langsiktige planar og førebygge behovet for velferdstenester. Vi må ha søkjelys på førebyggjande i alt vi gjer. Bemanningsbehovet og presset på helsepersonell kan vi dempe ved å supplere behovet for menneskeleg arbeidskraft ved digitale løysingar, og bruk av velferdsteknologi. Vi vurderer jamnleg om samarbeid med andre kommunar kan vere tenleg, og vurderer om tenestene våre er godt nok organisert.

Det må vere god dialog med våre innbyggjarar. Også inn mot korleis vi kan planlegge for bustadar og bumiljø som er geografisk plassert nært velferdstenestene.

Endring og auka tempo krev både personellmessige og økonomiske midlar. I ein svært krevjande økonomisk situasjon er dette noko som kan utfordre endringstakta.

2. Korleis kan vi i vår kommune dei neste to åra bruke og mobilisere den arbeidskrafta vi har best mogleg, for å løyse samfunnsoppdraget vårt?

I den grad vi manglar tilgang på kvalifisert personell i dei to neste åra, vurdere vi jamt om vi brukar våre tilsettes kompetanse rett. Oppgåver som ikkje krev spesifikk fagkompetanse kan utførast av andre. Vi kan legge til rette for formell kompetanseauke det er naudsynt.

Det å ha lærlingar og læreplassar er viktig. Det sikrar framtidig fagkompetanse, og lærlingar dekkjer ein del av arbeidskraftbehovet vårt når dei er under opplæring. Redusert sjukefråvær gir mindre vikarbehov. Seniorar bør stå lenger i jobb, om det er mogleg. Vi kan få fleire frå deltid til heiltid, og auke kapasiteten utan å tilsette fleire. Det er viktig at kommunane har gode økonomiske støtteordningar for arbeidsinkludering.

Kommunekommisjonens rapport NOU 2026:1 "En bærekraftig kommunesektor" har forslag om blant anna avvikling av lærarnorma, og at kompetansekrava i helse- og omsorgstenesta vert fjerna. Dette er både interessante og kontroversielle forslag.

3. Kva må vi prioritere i vår kommune for å styrke beredskapsevna – både i eigen organisasjon og i lokalsamfunnet?

Gjennom heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse har Hareid kommune identifisert fleire utfordringar for kommunen som beredskapsaktør og -pådrivar. Den største, som vi deler med mange andre kommunar, er at vi er ein liten organisasjon med få ressursar. Dette får konsekvensar for beredskapsevna i form av at mange tilsette og leiarar ikkje føler dei har tid til å prioritere beredskap i sitt daglege arbeid. Å styrke beredskapsevna, er noko vi skal gjere mellom krisene. Som anna systematisk, langsiktig arbeid, som til dømes utviklingsarbeid, blir beredskap nedprioritert til fordel for «brannsløkking». Det svekker både førebygginga mot kriser og evna til å vere budd om noko skulle skje.

Korleis kjem vi rundt denne utfordringa i eigen organisasjon?

Den generelle beredskapen som ikkje er knytt til konkrete objekt (rassikring, flaumsikring og liknande) kostar ikkje så mykje i kroner og øre, men tid.

Det «enkle» svaret, er meir ressursar. Det kan verke utopisk og det er heller ikkje enkelt å få prioritert ressursar til beredskap om vi skulle få tilgang til meir tid. Organisasjonen er så strekt at beredskapsarbeid må konkurrere om dei (eventuelt) nye ressursane med mange andre oppgåver, også lovpålagde, som i dag ikkje blir gjort, eller burde blitt høgare prioritert. Det «vanskelege» svaret er at vi må endre haldningar og vi ser heldigvis at det er endringar på gang. Beredskap er ikkje noko vi gjer i tillegg – det er ein basisfunksjon som ligg til alle tenester og fagfelt. Beredskapen skal sikre at vi klarer å halde opp (dei kritiske) tenestene våre i ei krise – eventuelt gjenopprette dei så snart krisen er over. Får vi dette meir inn under huden, vil vi automatisk jobbe meir langs med i staden for store skippertak.

Ei styrking av beredskapskoordinatoren si rolle vil gi meir kraft til det haldningsskapande arbeidet. Det er likevel ingen quick fix. Ein beredskapskoordinator med betre tid, kan i seg

sjølv gjere det lettare å drive fram og *koordinere* beredskapsarbeidet, men så lenge *beredskapsansvaret* ligg til resten av organisasjonen og fag- og leiaransvaret, vil det ikkje løyse hovudutfordringa ved at resten av organisasjonen har avgrensa kapasitet til å prioritere beredskap.

Kva med lokalsamfunnet?

Eigenberedskap

I heilskapleg ROS la vi vekt på å finne tiltak som verkar på tvers av scenario. Styrking av eigenberedskapen er det tiltaket som har størst effekt – og særleg på dei scenarioa som har omfattande konsekvensar og råkar heile kommunen. Eigenberedskap har fått mykje merksemd dei siste åra, og her må både stat, kommune og andre beredskapsaktørar halde fram med å setje eigenberedskap på dagsorden. Neste skritt er å få folk til å handle på råda – som svært mange kjenner til no. Vi er på god veg der også, men det går sakte – til dømes har framleis berre halvparten av oss beredskapsvatn heime.

Samverke

Kommunen har ein plikt til å vere pådrivar ovanfor andre aktørar når det gjeld beredskap. Beredskapsrådet er eit nyttig fora for å nå ut til desse. Hareid kommune har eit aktivt beredskapsråd som møtest fleire gonger i året for å diskutere relevante tema og samarbeid. Vi skal likevel vere varsame med å løfte fram beredskapsrådet som løysinga på alt. I totalberedskapsmeldinga blir det føreslått å lovfeste beredskapsrådet. Vi vil hevde at det det er motsett: Kommunar som har satsa på beredskapsarbeid har også eit oppegåande beredskapsråd. Vi er derfor tilbake til ressursspørsmålet.

PS 06/26 Val av kommunal representant Hjørungavågspelet

Vedtak:

Kommunestyret vel Ranja Dimmen Alme som kommunen sin representant til styret i Hjørungavågspelet.

Behandling:

Øyvind Grimstad Gryt (FOHA) presenterte tilrådinga frå valutvalet:

Valutvalet har tilrår Ranja Dimmen Alme som kommunen sin representant til styret i Hjørungavågspelet.

Samrøystes for valutvalet sin tilråding

PS 07/26 Suppleringsval skattetakst- og klagenemnd

Vedtak:

Skattetakstnemnd

Ragnhild Teigene

Stian Moldskred

Åge Bigset

Vara:

Karlis Kathins

Astrid Velle

Julija Sande

Skatteklagenemnd:

Ola Hjørungdal

Sindre Breivik

Silje Teigene

Vara:

Kai-Runar Svarstad

Odd Gunnar Kleppe

Jeanette Teigene

Behandling:

Øyvind Grimstad Gryt (FOHA) presenterte tilrådinga frå valutvalet:

Valutvalet tilrår at nemndene etter suppleringsval ser slik ut. Nye medlemmar er **utheva**.

Skattetakstnemnd

Ragnhild Teigene

Stian Moldskred

Åge Bigset

Vara:

Karlis Kathins

Astrid Velle

Julija Sande

Skatteklagenemnd:

Ola Hjørungdal

Sindre Breivik

Silje Teigene

Vara:

Kai-Runar Svarstad

Odd Gunnar Kleppe

Jeanette Teigene

Samrøystes for valutvalet sin tilråding

PS 08/26 Styrerepresentant Sunnmøre friluftsråd

Vedtak:

Kommunestyret vel Bernhard Harkjerr som fast møtande representant og Annika Brandal som vara.

Behandling:

Øyvind Grimstad Gryt (FOHA) presenterte tilrådinga frå valutvalet:
Bernhard Harkjerr og Annika Brandal er i dag henholdsvis vara og fast møtande representant. I møtet i valutvalet onsdag 4.2.26. vart det bestemt at desse byttar plass.

Samrøystes for valutvalet sin tilråding

PS 09/26 Val av ungdomsråd 2026

Vedtak:

Kommunestyret vel følgande personar til faste medlemmar i ungdomsrådet:

- Hedda Selvåg Larsen
- Ingrid Holstad-Dalsøren
- Sofie Bjåstad
- Gudmund Gryt
- Vinter Brandal Johansen
- Thanura Premakumar
- Håkon Stokke Nytun
- Prajiv Selva
- Håkon Alexander Kleppe
- Ange Shanel Koffi

Behandling:

Øyvind Grimstad Gryt (FOHA) presenterte tilrådinga frå valutvalet:
Valutvalet tilrår at kommunestyret vel følgande personar til faste medlemmar i ungdomsrådet:

- Hedda Selvåg Larsen
- Ingrid Holstad-Dalsøren
- Sofie Bjåstad
- Gudmund Gryt
- Vinter Brandal Johansen
- Thanura Premakumar
- Håkon Stokke Nytun
- Prajiv Selva
- Håkon Alexander Kleppe
- Ange Shanel Koffi

Samrøystes for valutvalet sin tilråding

Kommunedirektøren si tilråding:

Valutvalet legg fram innstilling i tråd med politisk reglement og kommunelova.

PS 10/26 Årsmelding eldreråd 2025

Vedtak:

Kommunestyret tek årsmeldinga frå eldrerådet 2025 til vitande.

Behandling:

Samrøystes for leiar i eldrerådet si tilråding.

Leiar i eldrerådet si tilråding:

Kommunestyret tek årsmeldinga frå eldrerådet 2025 til vitende.

PS 11/26 Årsmelding RFU 2025

Vedtak:

Kommunestyret tek årsmeldinga frå RFU, slik det går fram av vedlegga, til vitende.

Behandling:

Samrøystes for RFU si tilråding.

RFU si tilråding:

Kommunestyret tek årsmeldinga frå RFU, slik det går fram av vedlegga, til vitende.

PS 12/26 Årshjul for budsjettprosessen

Vedtak:

Kommunestyret vedtar årshjulet for budsjettprosessen slik det går fram av saka.

Årshjulet skal ligge til grunn for all politisk og administrativ planlegging av budsjett- og økonomiprosess.

Evaluering av prosessen skal gjennomførast årleg i januar/februar og leggjast fram for formannskapet.

Behandling:

Samrøystes for formannskapet si tilråding

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret vedtar årshjulet for budsjettprosessen slik det går fram av saka.

Årshjulet skal ligge til grunn for all politisk og administrativ planlegging av budsjett- og økonomiprosess.

Evaluering av prosessen skal gjennomførast årleg i januar/februar og leggjast fram for formannskapet.

PS 13/26 Evaluering av budsjettprosessen 2025

Vedtak:

Kommunestyret godkjenner evalueringa av budsjettprosessen 2025, og ber

kommunedirektøren innarbeide moglege forbetningspunkt i budsjettprosessen 2026.

Behandling:

Samrøystes for formannskapet si tilråding

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret godkjenner evalueringa av budsjettprosessen 2025, og ber

kommunedirektøren innarbeide moglege forbetningspunkt i budsjettprosessen 2026.

PS 14/26 Ny sak om eigedomsskatt i Hareid kommune i 2026

Vedtak:

Med heimel i eigedomsskattelova §§ 2 og 3 bokstav g), skal følgjande utskrivingsalternativ nyttast for 2026:

Faste eigedomar i heile kommunen, unnateke næringseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum.

Eigedomsskattesatsen skal vere 4,0 promille.

Det skal ikkje nyttast botnfrådrag.

Bustadeigedomar der formuegrunnlaget er berekna av Skatteetaten skal få eigedomsskatten utskriven på dette grunnlaget i 2026, jf. eigedomsskattelova § 8 C-1.

Etter eigedomsskattelova paragraf 28, kan skattytar søkje formannskapet om nedsetjing eller ettergjeving av eigedomsskatt, dersom det er sær s urimeleg at heile eigedomsskatten vert innkrevd.

Eigedomsskatten skal betalast i seks terminar.

Nybygg til bustadformål med bruksløyve etter 01.01.2026 blir friteken frå eigedomsskatt i påfølgjande fem år.

Behandling:

Endring i forhold til vedtak i PS 103/25 Eigedomsskatt i Hareid kommune i 2026:

Med heimel i eigedomsskattelova § 2 og § 3 bokstav g, skal følgjande utskrivingsalternativ nyttast for 2026:

Faste eigedomar i heile kommunen, unnateke næringseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum.

Eigedomsskattesatsen skal vere 3,0 promille.

Det skal ikkje nyttast botnfrådrag.

Bustadeigedomar der formuegrunnlaget er berekna av Skatteetaten skal få eigedomsskatten utskriven på dette grunnlaget i 2026, jf. eigedomsskattelova § 8 C-1.

Etter eigedomsskattelova paragraf 28, kan skattytar søkje formannskapet om nedsetjing eller ettergjeving av eigedomsskatt, dersom det er sær urimeleg at heile eigedomsskatten vert innkrevd.

Eigedomsskatten skal betalast i seks terminar.

Nybygg til bustadformål med bruksløyve etter 01.01.2026 blir fritaken frå eigedomsskatt i påfølgjande fem år.

Pravin Selva (FOHA) fremja forslag til endring:

Med heimel i eigedomsskattelova §§ 2 og 3 bokstav g), skal følgjande utskrivingsalternativ nyttast for 2026:

Faste eigedomar i heile kommunen, unnateke næringseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum.

Eigedomsskattesatsen skal vere 4,0 promille.

Røysting:

Det blei røysta over formannskapet si tilråding opp mot framlegget frå Pravin Selva. Framlegget frå Pravin Selva blei samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren si tilråding:

Eigedomsskatten skal aukast frå 3 til 4 promille for private bustadar og fritidseigedomar i 2026.

PS 15/26 Endringar i Handlings-og økonomiplan 2026-2029

Vedtak:

Kommunestyret vedtar endringane, slik det går fram av kapittelet “**Endringar vedtatt 12.02.26**”.

Kommunestyret ber kommunedirektøren innarbeide nemnte endringar i “**Handlings-og økonomiplan 2026-2029**”.

Kommunestyret ber kommunedirektøren innarbeide nemnte endringar i “**Tiltaksplan 2025**”.

Med heimel i eigedomsskattelova §§ 2 og 3 bokstav g), skal følgjande utskrivingsalternativ nyttast for 2026:

Faste eigedomar i heile kommunen, unnateke næringseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum.

Eigedomsskattesatsen skal vere 4,0 promille.

Behandling:

Pravin Selva (FOHA) fremja forslag om eit tilleggspunkt:

Med heimel i eigedomsskattelova §§ 2 og 3 bokstav g), skal følgjande utskrivingsalternativ nyttast for 2026:

Faste eigedomar i heile kommunen, unnateke næringseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum. Eigedomsskattesatsen skal vere 4,0 promille.

Røysting:

Samrøystes for formannskapet si tilråding
Samrøystes for tilleggspunktet fremja av Pravin Selva

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret vedtar endringane, slik det går fram av kapittelet “**Endringar vedtatt 12.02.26**”.

Kommunestyret ber kommunedirektøren innarbeide nemnte endringar i “**Handlings-og økonomiplan 2026-2029**”.

Kommunestyret ber kommunedirektøren innarbeide nemnte endringar i “**Tiltaksplan 2025**”.

PS 16/26 Tiltaksplan 2025 etter endringer 12.02.26

Vedtak:

Kommunestyret vedtek Tiltaksplan 2025, etter endringar 12.02.26.

Kommunestyret ber kommunedirektøren om å søke om forlenga inndekkingstid for meirforbruket som oppstod i 2024 og 2025., i følgje planen som er skissert i saksutgreiinga her.

Behandling:

Samrøystes for tilrådinga frå formannskapet

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret vedtek Tiltaksplan 2025, etter endringar 12.02.26.

Kommunestyret ber kommunedirektøren om å søke om forlenga inndekkingstid for meirforbruket som oppstod i 2024 og 2025., i følgje planen som er skissert i saksutgreiinga her.

PS 17/26 Interpellasjon – langsiktig og kunnskapsbasert skuleutvikling i Hareid kommune

Vedtak:

Saka vert sett på saklista som politiak sak.

Behandling:

Interpellasjon frå Robert Holstad Flø

(H)– langsiktig og kunnskapsbasert skuleutvikling i Hareid kommune

Ordførar,

Hausten som gjekk var prega av ein krevjande budsjettprosess i Hareid kommune. Debatten synleggjorde ein pressa økonomi og ein skulesektor som opererer innan stramme rammer. Samstundes vart det peikt på at spørsmål om kvalitet og framtidig organisering av skulen ikkje bør avgjerast gjennom budsjettvedtak åleine.

I denne samanhengen står kommunen i dag i to parallelle diskusjonar.

Den eine gjeld økonomisk innsparing, som påverkar alle skular og elevar.

Den andre gjeld langsiktig utvikling av skulen, inkludert kvalitet, tryggleik, læringsmiljø, robust e fagmiljø og berekraft.

Desse diskusjonane blir ofte blanda saman, og det ligg i dag ikkje føre ei open og heilskaple g utgreiing som gir kommunestyret eit samla kunnskapsgrunnlag for langsiktige val.

Mangelen på eit slikt grunnlag har ført til at dei same problemstillingane kjem tilbake i samband med budsjettprosessar, utan at dei er tilstrekkeleg belyste.

På denne bakgrunnen kan det vere formålstenleg å setje i gang eit breitt og langsiktig utgreiingsarbeid om framtidig utvikling av skulen i Hareid kommune. Arbeidet bør vere skilt frå

konkrete budsjettkutt og ha hovudfokus på kvalitet, tryggleik, læringsmiljø og berekraft over ti d.

På denne bakgrunnen blir det derfor fremja forslag til følgjande vedtak:

Forslag til vedtak

1. Kommunestyret ber kommunedirektøren setje i gang eit breitt og langsiktig arbeid for å greie ut framtidig utvikling av skulen i Hareid kommune.
2. Arbeidet skal vere skilt frå konkrete budsjettkutt og ha som hovudmål å vurdere kvalitet, tryggleik, læringsmiljø, robuste fagmiljø og berekraft over tid.
3. Prosessen skal vere open og inkluderande, med medverknad frå tilsette, elevar, føresette og lokalsamfunn, og byggje på oppdatert fagleg kunnskap.
4. Kommunedirektøren blir beden om å leggje fram ein plan for prosess, medverknad og framdrift innan utgangen av 2026.
5. Kommunedirektøren kjem tilbake til kommunestyret med eit samla kunnskapsgrunnlag og moglege retningar for vidare politisk arbeid innan fyrste kvartal 2028.

Merknad

Formålet med arbeidet er å gi kommunestyret eit betre og meir langsiktig grunnlag for politiske val knytte til skuleutvikling, og ikkje å fatte strukturelle vedtak i denne fasen.

Svar frå ordførar Bernt Brandal på interpellasjon frå Hareid Høgre

Interpellasjonen er motteken i rett tid og er i samsvar med reglementet for kommunestyret i Hareid.

Takk for interpellasjonen og for at de løftar spørsmål om kvalitet og langsiktig utvikling av skulen i Hareid kommune. Gode oppvekstvilkår, trygge rammer og høg kvalitet i skulen er avgjerande – både for borna våre, for lokalsamfunna og for kommunen si framtidige utvikling.

Det er rett, slik interpellasjonen peikar på, at vi står i ein krevjande økonomisk situasjon, og at skulesektoren – som andre tenesteområde – opererer innan stramme rammer.

Samstundes er det viktig å vere tydeleg på at spørsmål om kvalitet i skulen ikkje kan reduserast til budsjetttekniske vurderingar åleine.

Skulen må utviklast med eit langsiktig perspektiv, der fagleg kvalitet, tryggleik og læringsmiljø står i sentrum.

Samtidig er det viktig å avklare rollene. Kvalitet i skulen er i stor grad regulert gjennom nasjonale føringar, lovverk og læreplanar, og mykje av utviklingsarbeidet skjer – og skal skje – i skulane sjølve gjennom profesjonsfellesskapet. Kommunestyret si rolle er å setje overordna rammer, sikre gode og trygge skulebygg, føreseielege vilkår og tilstrekkelege ressursar over tid, ikkje å detaljstyre det pedagogiske innhaldet i opplæringa.

Eg vil òg understreke at kommunestyret nyleg har teke eit tydeleg standpunkt mot å starte ein strukturdebatt som inneber nedlegging eller samanslåing av skular. Det er heller ikkje dokumentert at slike grep nødvendigvis gir reell innsparing når ein ser økonomiske, samfunnsmessige og langsiktige konsekvensar i samanheng. Lokale skular spelar ei viktig rolle som del av levande lokalsamfunn, og er ein faktor for både tilflytting og attraktivitet. Hareid kommune har tidlegare erfart at folketalsutviklinga ikkje alltid følgjer framskrivingane.

Aktiv bustadpolitikk, næringsliv i vekst og sterke

lokalsamfunn har bidrege til ei meir positiv utvikling enn venta. I dette biletet er skulen ein sentral del av kommunen sin samla samfunnsutvikling.

Eg er samd i at det kan vere behov for å samle og systematisere kunnskap om skuleutvikling og kvalitet over tid. Samstundes er det avgjerande at eit slikt

arbeid har eit tydeleg og politisk avklart mandat, slik at det ikkje skapar uvisse eller legg føringar for strukturelle grep som kommunestyret ikkje ønskjer å ta.

Med desse presiseringane vil eg tilrå at kommunestyret sluttar seg til intensjonen i interpellasjonen, og at eit eventuelt vidare arbeid blir avgrensa til kvalitetsutvikling innanfor eksisterande skulestruktur.

Behandling:

Robert Holstad Flø la fram interpellasjonen sin, og fremja forslag om å sette saka på sakskartet som politisk sak. Ordførar Bernt Brandal svarte. Svar på interpellasjon ligg i sak 26/274 Interpellasjon - langsiktig og kunnskapsbasert skuleutvikling i Hareid.

Røysting:

Samrøystes for framlegg om å sette saka på saklista som politisk sak.

PS 18/26 Politisk sak – langsiktig og kunnskapsbasert skuleutvikling i Hareid kommune

Vedtak:

1. Kommunestyret ber kommunedirektøren setje i gang eit breitt og langsiktig arbeid for å greie ut framtidig utvikling av skulen i Hareid kommune.
2. Arbeidet skal vere skilt frå konkrete budsjettkutt og ha som hovudmål å vurdere kvalitet, tryggleik, læringsmiljø, robuste fagmiljø og berekraft over tid.
3. Prosessen skal vere open og inkluderande, med medverknad frå tilsette, elevar, føresette og lokalsamfunn, og byggje på oppdatert fagleg kunnskap.
4. Kommunedirektøren blir beden om å leggje fram ein plan for prosess, medverknad og framdrift innan utgangen av 2026.
5. Kommunedirektøren kjem tilbake til kommunestyret med eit samla kunnskapsgrunnlag og moglege retningar for vidare politisk arbeid innan fyrste kvartal 2028.
6. Formålet med arbeidet er å gi kommunesyret eit betre og meir langsiktig grunnlag for politiske valknytte til skuleutvikling, og ikkje fatte strukturelle vedtak i denne fasen.

Behandling:

Saka vart sett på saklista i møtet.

Robert Holstad Flø (H) fremja forslag til vedtak:

1. Kommunestyret ber kommunedirektøren setje i gang eit breitt og langsiktig arbeid for å greie ut framtidig utvikling av skulen i Hareid kommune.
2. Arbeidet skal vere skilt frå konkrete budsjettkutt og ha som hovudmål å vurdere kvalitet, tryggleik, læringsmiljø, robuste fagmiljø og berekraft over tid.
3. Prosessen skal vere open og inkluderande, med medverknad frå tilsette, elevar, føresette og lokalsamfunn, og byggje på oppdatert fagleg kunnskap.
4. Kommunedirektøren blir beden om å leggje fram ein plan for prosess, medverknad og framdrift innan utgangen av 2026.
5. Kommunedirektøren kjem tilbake til kommunestyret med eit samla kunnskapsgrunnlag og moglege retningar for vidare politisk arbeid innan fyrste kvartal 2028.

Ranja Dimmen Alme (FOHA) fremja forslag til tilleggspunkt:

Formålet med arbeidet er å gi kommunesyret eit betre og meir langsiktig grunnlag for politiske valknytte til skuleutvikling, og ikkje fatte strukturelle vedtak i denne fasen.

Røysting:

Samrøystes for forslag til vedtak punkt 1. - 6.